

Fagleg forum for norske havområde
V/Hanne-Grete Nilsen

OPPFØLJANDE BREV TIL INNSPELMØTE, FORVALTNINGSPLAN FOR BARENTSHAVET OG HAVOMRÅDA UTANFOR LOFOTEN

Pelagisk Forening meiner det er viktig at havområda blir forvalta på ein god måte, og er takksame for at Pelagisk Forening er invitert med i arbeidet angående forvaltningsplanane for havområda.

Me viser til naturmangfaldlova § 1, «Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.»

Fagleg forum er bunden av lovgjevinga. Pelagisk Forening vil difor peika på at forvaltningsplanane pliktar å ta omsyn til bærekraftig fiskeri, arbeidsplassar langs kysten, og minst mogeleg forureining.

Forvaltningsplanane pliktar òg å ta omsyn til norsk kultur. Det har vore fiska i Noreg i fleire tusen år, og fiskeri er ein viktig del av norsk kultur. Forvaltningsplanane pliktar såleis å ta omsyn til fiskerikulturen, og busetnaden langs kysten.

Pelagisk Forening viser òg til St.meld. nr. 8 (2005-2006), Helhetlig forvaltning av det marine miljø i Barentshavet og havområdene utenfor Lofoten (forvaltningsplan)

I stortingsmeldinga står det at «Økosystemene skal sikres for fremtiden som grunnlag for langsiktig verdiskaping.»

Det er såleis tydeleg at forvaltningsplanane skal leggja vekt på omsynet til næringsliv, arbeidsplassar og verdiskaping.

Pelagisk Forening meiner at forvaltningsplanane må ta omsyn til at ulike område kan trenga ulikt vern. Område må heller ikkje vernast for vernet sin del.

Ved eventuelle vern må det skiljast mellom ulike typar aktivitet. Dette slik at risikofylte aktivitetar ikkje fører til at mindre risikofylte aktivitetar blir forbode.

Det er òg viktig at næringar med aktivitetar som kan føra til stor forureiningsskade, dersom uhellet er ute, ikkje sjølv får definera kor risikofylt aktiviteten deira er.

Det er òg viktig at forvaltningsplanane har legitimitet blant folk flest. Forvaltningsplanane må difor vera logiske og fornuftige. Hausten 2017 såg me diverre døme på det motsette, då

det blei opna for prøveboring på Vikingbanken. Dette sjølv om Vikingbanken hadde vore stengt for bestemte fiskeri i over ti år.

Forvaltningsplanane må utformast slik at dei i størst mogeleg grad unngår arealkonfliktar. Mange utanfor fiskerinæringane synest å tru at fiskarar enkelt kan fiska andre stadar. Det er ikkje tilfelle. Forvaltningsplanane må difor ta omsyn til tradisjonelle fiskeri. Forvaltningsplanane må òg ta høgde for at bestandar vandrar, og at fiskeri endrar seg.

Elles er det viktige at forvaltningsplanane ikkje godtek oljeaktivitet nær Lofoten, Vesterålen, Senja og «Møreblokkene». Forvaltningsplanane må òg forby skadelege aktivitetar i særleg verna område.

For Pelagisk Forening er det viktig at forvaltningsplanane legg til rette for bærekraftig fiskeri, og ikkje gjer vanleg kommersielt fiskeri vanskelegare. Forvaltningsplanane må òg ta høgda for eventuelle nye fiskeri i framtida. T.d. fiske etter mesopelagiske artar.

Tidlegare har Miljødirektoratet uttalt at *«Forvaltningsplaner for verneområder skal være et praktisk hjelpemiddel til å opprettholde og fremme verneformålet, samt sørge for at en unngår tilfeldige enkeltavgjørelser som kan være uheldige for verneverdiene.*

Forvaltningsplaner skal samtidig sikre en enhetlig forvaltning av verneområdet ved å gi konkrete retningslinjer om bruk, informasjon, skjøtsel, tilrettelegging mv.» PF er samd i at det er viktig å unngå tilfeldige enkeltavgjerer.

Elles vil Pelagisk Forening peika på at «bærekraftig» fiskeri ikkje berre er å syta for at det ikkje blir fiska for mykje, men òg at det ikkje blir fiska for lite. Det kan nemnast at Pelagisk Forening er uroa over stor bestand av m.a. makrell og sjøpattedyr.

Pelagisk Forening er opptatt av at forvaltningsplanane syt for bærekraftig fiskeri, arbeidsplassar langs kysten, og minst mogeleg forureing. Pelagisk Forening deltek gjerne i det vidare arbeidet med forvaltningsplanane.

Bergen: 1.2.18

Pelagisk Forening

Ask Økland